

---

**Fra:** Helge Sæthre <hsaethre@gmail.com>  
**Sendt:** 9. februar 2018 13:00  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Vedk. Kommunedelplan for Knarvik - Alversund med Alverstraumen 2018

Som oppsitjarar til Remme/Alverstraumen (gnr/bnr 131/11), Radøyvegen 237 vil vi gjerne uttale oss i samband med revisjon av kommunedelplan for området vårt.

Det er mykje i planen ein kunne ha meiningar om, men vi vil konsentrere oss om 3 hovudmål som vi vil ha særskilt interesse av. Reknar med at det er også i Dykkar interesse å vite kva vi meiner om det som vedkjem oss i større eller mindre grad.

Vi må tilføye at vi også tidlegare har fremja desse sakene og motteke Dykkar stadfesting av mottak.

Under pkt 3 i forslag til plan: Attraktive nærmiljø kjem ein m.a. inn på

- veg og
- fjord

som vi vil knyte nokre kommentarar til.

1. Som næraste nabo til hovudvegen over Radøy og vidare til Austrheim (Mongstad) og Fedje, har vi årleg registrert ein stendig aukande biltrafikk. Dette gjeld både for personbilar og ikkje minst tungtransport.

Vi meiner vegen gjennom Alverstraumen over Remme og Kalneset i dag ikkje er dimensjonert for denne trafikken, og lurar sjølvst på korleis ein har tenkt å møte dei trafikkale i framtida ?

Sidan ny bru er prosjertert over Alver sundet, meiner vi at vegen frå ilandføring på Radøy-sida må sjåast i heilskap med vegen vidare til samanføring med "nye"-vegen v/ Storheimstø.

Det er ei kjend sak at vegen derifrå og sørover vil vere vanskeleg å utvide. For oss som er lokalkjende i området meiner vi, både fordi det vil vere best og mest praktisk (i anleggsperioden) å føre vegen gjennom skaret mellom Vetåsfjellet og Grønfjellet/Peparen evt med tunnel under Soltveit. Då vil dagens trasé kunne verte ein trygg ferdselsveg både for lokale bebuarar, syklistar og gåande utan for store ekstra utlegg økonomisk. Altern. trasé vil kunne byggjast utan avbrot i anleggsperioden. Ein bør gjerne merke seg at vårt foreslåtte området er mykje brukt til friluftsliv (også av oss), men med god planleggjing kan ulike interesser samordnast utan problem.

2. I førre plan for Alverstraumen var eigedomen vår (131/11) oppført som LNF - området. Vi fekk aldri svar på kvifor det var slik, og det var også hovudårsak til at vi etter ein lang søknadsprosess vart nekta å byggje på eigen grunn.

Når vi no går inn i ein ny planperiode, meiner vi det er naturleg å fjerne denne heftinga v/eigedomen slik at ein kan leggje planar for framtida. Det er verdt å merke seg at eigedomen aldri har vore brukt til landbruks-,kultur- eller friluftaktiv.

3. Den "Indre farleia" som passerer forbi Alverstraumen vert framheva som unik i mange høve, og bør for ålmenta framstå så vakker og naturleg som mogeleg. Heldigvis vart den øydeleggjande granen, sitkagran for det meste fjerna frå Tveitøya. Såleis kan denne øya med små verkemiddel som t.d. festeboltar for båttrafikk, tilretteleggjing for badeplassar osv. framstå som ein perle for forbipasserande og oppsitjarar. Diverre vart den vakre Årsholmen ikkje rydda den gongen, og er framleis ein skjemma "svulst" i farleia. Med kommunal hjelp og litt dugnad, ville denne øya også kunne restaurerast til fordums prakt og bli ein attraktiv del av farleia.

Vi kunne sjølvst ha komme med fleire kommentarar til planen, men veljer å konstrere merksemda om desse tre hovudpunkta.

Vonar De vil sjå seriøst på innspela våre og ta dei med i vurderinga under revisjon av noverande plan. Lukke til med arbeidet.

Mvh Marit & Helge Sæthre